

Silda velforening - Konstituerande styremøte

Telefonisk vart det halde konstituerande styremøte 9. mai .

Deltakarar: Tore Johansen, Unni Silden Hennøen og Paul Sundnes

Sakliste:

1. Konstituering/ val av leiar, kasserar og sekretær.
2. Modernisering av gatelys på Silda

Sak 1.

Forslag frå sekretær: Leiar - Tore Johansen
Kasserar - Unni Silden Hennøen

Paul Sundnes opplyste på årsmøtet at om andre tok på seg leirar og nestleiar kunne Paul stille til attval som sekretær

Val : leiar Tore Johansen, kasserar Unni Silden Hennøen, sekretær Paul Sundnes

Sak 2 .

Modernisering av gatelysa/skifting til led-lampar.

Ad uformell veg har S.Velforening fått informasjon om at Vågsøy kommune no skal skifte gatelysa til led-lampar.

Det har, via same kjelde, kome forespørsel om vi kan koste fergetransport for lift til/frå Silda. Dersom dette vert ordna vil kommunen også skifte gatelysa på Silda.

Grunne til at kommunane over heile landet no skifte til led gatelys er:

- a. Straumsparing
- b. enklare vedlikehald.

Spørsmålet som var framme i styret var:

Kvifor skal Silda ha ekstra utgifter med skifting av lampene??

Er dette vanleg i andre bygdelag i Vågsøy??

Vedtak:

Styret ser det som viktig at også Silda får nye og moderne gatelys.

Er seinaste opning for å få skifting ei støtte til kommunen må dette vurderast.

Styreleiar får i oppdrag å ta kontakt med teknisk etat, og undersøke kva som er gunnen for denne kontakten.

Paul Sundnes
sekretær